

Saksprotokoll i 30.01.2020 - fylkesutvalet

Sigbjørn Framnes (Frp) sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Det vert ikkje innført forskrift med innføring av miljøkrav for drosjenæringa no.
2. Fylkestinget forventar at drosjenæringa sjølv tek grep for å få ned samla utslepp knytt til sin aktivitet, og vurderer dei bedriftsøkonomiske sidene ved dette.»

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av A, Sp, KrF og V fram slikt forslag:

«Tillegg

Nytt punkt 3

Fylkesutvalet ber om at ein i 2022 får ei orientering om status for innføring t.d. status for ladeinfrastruktur.»

Avrøysting

Det var 15 representantar til stades.

Innstillinga punkt 1 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp, FNB).

Innstillinga punkt 2 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 3 røyster (Frp, FNB).

Innstillinga punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 6 røyster (Frp, FNB, H).

Innstillinga punkt 4 vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Framnes sitt forslag punkt 1 fekk 3 røyster (Frp, FNB) og fall.

Framnes sitt forslag punkt 1 fekk 3 røyster (Frp, FNB) og fall.

Brosvik sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

Innstilling til fylkestinget

1. Innføre miljøkrav i fleire kommunar med følgjande forskrift:

Med heimel i yrkestransportlova § 9 fjerde ledd vedtar Vestland fylkeskommune følgjande ny forskrift:

Tittel: Forskrift om miljøkrav til drosjenæringa i Vestland fylke.

I forskrifta skal § 1 lyde:

"§ 1. Løyvehavar pliktar å sørge for at drosje registrert for inntil 9 personar ikkje har utslepp frå forbrenningsmotor ved køyring i følgjande kommunar:

Alver, Askøy, Austevoll, Austrheim, Bergen, Bjørnefjorden, Bømlo, Eidfjord, Etne, Fedje, Fitjar, Kvam, Kvinnherad, Masfjorden, Modalen, Osterøy, Samnanger, Stord, Sveio, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal, Voss herad, og Øygarden."

I forskrifta skal § 2 lyde:

"§ 2. Løyvehavar pliktar straks å gje skriftleg melding til løyvestyresmakta dersom drosjen har brote miljøkravet i § 1."

I forskrifta skal § 3 lyde:

"§ 3. Løyvehavar kan utføre oppdrag frå ein stad utanfor kommunen med miljøkrav til ein stad innanfor kommunen med motorvogn som ikkje oppfyller krava i § 1. I samband med ein slik tur er det tillate å ta med passasjer på oppdrag ut av kommunen. Tomkjøring inn til ein kommune med miljøkrav for å utføre oppdrag ut av kommunen er berre tillate for bestilte turar"

Forskrifta trer i kraft 1.4.2024.

2. Administrasjonen startar utgreiing om det er mogleg å innføre tilsvarende krav i samlede kommunar i Vestland fylke.
3. Fylkesutvalet ber om at ein i 2022 får ei orientering om status for innføring t.d. status for ladeinfrastruktur.
4. Når det gjeld fylkeskommunal støtte og investering til ladeinfrastruktur skal alle kommunar i Vestland fylkeskommune prioriterast på lik linje, etter ein felles gjennomgang og som legg til rette for at forskrifa kan innførast for heile fylket.
5. Fylkestinget ber om at arbeidet med å byggje ut ladeinfrastruktur i heile Vestland fylke held fram.